

Nord-Fron kommune

Møtebok sak 079/10

HØYRING - ENDRINGAR I ROVVILTFORSKRIFTA - GODTGJERINGSORDNING FOR FORSØK PÅ SKADEFELLING AV ROVVILT

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker	079/10	15.12.2010	GGR

Saksansv.: Bjørn Bjørke	Arkiv: K47	Arkivsaknr.:	09/229
		Journalpost:	10/9114

Vedlegg:

1. *Endringer i rovviltforskriften – godtgjøringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt*, høyringsbrev frå Miljøverndepartementet 03.11.2010.

Utrykte vedlegg:

1. Forskrift av 18.03.2005 nr 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta).
2. Midlertidig forskrift om godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, fastsett av Miljøverndepartementet 28.08.2008.
3. Effektivisering av skadefellingsforsøk på rovvilt i Hedmark, rapport frå arbeidsgruppe i Hedmark, Fylkesmannen i Hedmark mars 2010.

Bakgrunn for saka:

Miljøverndepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i rovviltforskrifta. Bakgrunnen er at regjeringa ønskjer at det offentlegas praktiske og økonomiske ansvar for skadefelling skal forsterkast og klargjerast, med sikte på at delen av vellukka skadefellingsforsøk skal auke.

Det vert føreslege ei endring av § 9 og ein ny § 9a i rovviltforskrifta, og med dette fastsett ei permanent godtgjøringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt.

Høyringsfristen er sett til 15.12.2010.

Rådmannsleinga si vurdering:

Nord-Fron kommune har dei seinare åra hatt store tap av sau til freda rovvilt, og i samband med dette har kommunens utgifter vore aukande grunna stadig fleire skadefellingsforsøk. Det er svært viktig at det kjem på plass ordningar som gir kommunen moglegheit til å oppretthalde ein tilstrekkeleg beredskap av godt motiverte deltakarar på det kommunale fellingslaget. At ein får sikre økonomiske rammes er ein viktig føresetnad for å nå regjeringas mål om å auke delen av vellukka skadefellingsforsøk.

Administrasjonen i kommunane Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu har hatt tett dialog i høyringsprosessen, og det vert teke sikte på at det gis likelydande uttaler for desse tre kommunane.

Kommentarar til ny § 9a:

Godtgjering:

- Nord-Fron kommune ser det ikkje som hensiktsmessig at kompensasjon frå Fylkesmannen skal gis etter døgnst. Døgnst er generelt ikkje mykje brukt ved anna løna arbeid. I høyringsutkastet er det ikkje spesifisert eit nedre tal timar som trengst i døgnet for at den enkelte deltakaren i fellingslaget skal kunne få godtgjort døgnst, jf. Midlertidig forskrift om godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt.
- Dersom medlemma av fellingslaget skal få godtgjort etter ein døgnst, er det grunn til å tru at dette vil påverke innsatsen til fellingslaget negativt då dei vil få same løn anten dei deltek 5 eller 15 timar pr. døgn. Alternativet vert at medlemma avlønast pr. time av kommunen, men då vil dette medføre store kostnader for kommunen som ikkje vil få kompensert sine utgifter.
- Det mest praktiske vil vere at medlemma av fellingslaget avlønast pr. time, og for å forenkle administrasjonen og kompensere kommunen sine utgifter fullt ut, vil det vere hensiktsmessig at kompensasjonen til kommunen også baserer seg på timebasis.
- Løna til deltakarane på fellingslaga må tilsvare anna løna arbeid i vekedagane. Erfaringane viser at rask respons er ein svært viktig faktor for å lukkast med fellingsforsøka. Dersom løna er uførehaldsmessig låg, er det grunn til å tru at medlemma av fellingslaga ikkje tek seg fri frå anna løna arbeid, og ein vil då stå ovanfor ein situasjon der jaktintensiteten er høgast på kveldstid og i helgane.
- Det er svært vanskeleg å seie noko generelt på førehand om kva som er hensiktsmessig bruk av dagsverk ved eit skadefellingsforsøk. Fokus må heller vere at kommunane skal få dekt sine faktiske utgifter basert på faglege vurderingar gjort av fellingsleiarkommune. Her må også sosiale kostnader inngå.
- Ein av dei viktigaste konklusjonane i Miljøverndepartementet sin oppdragsrapport ”Effektivisering av skadefellingsforsøk på rovvilt i Hedmark”, er at det må etablerast vaktordningar med eit lite tal jegerar som har høg beredskap i forhold til å rykke ut raskt. Fleire kommunar har allereie ei slik ordning, og også dette må kompenseras med heimel i rovviltforskrifta.

Bruk av kvalifisert hund:

- I gjeldande forskrift er bruk av hund kompensert. Det vert jobba over heile landet med å finne løysingar for å utdanne gode hundekvipasjar, spesielt til sporing på bjørn. Ein kompensasjon for bruk av slike hundar vil vere ein viktig føresetnad for at hundeeigarar skal vere villige til å legge ned tilstrekkeleg arbeidsinnsats i å utdanne ekvipasjen. Bruk av kvalifisert hund må kompenseras med timesats.

Krav om registrering som lisensjeger:

- I høyringsforslaget vert det sett som ein føresetnad at godtgjeringsordninga bare skal omfatte dei deltakarane i fellingslaget som er registrert som lisensjegerar. Nord-Fron kommune ser ikkje umiddelbart samanhengen mellom lisensjakt og skadefelling, og meiner at denne bestemmelsen bør takast ut av forskrifta.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker med slik:

Innstilling:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker viser til rådmannsleiinga si vurdering av forslag til endringar i rovviltforskrifta, og støttar dei vurderingane som er lagt fram.

1. Utvalet tilrår at godtgjering ved skadefellingsforsøk bør dekkast med ein flat timesats på kr. 200 pr. time.

2. Utvalet tilrår at budsjettramma pr. skadefellingsforsøk må baserast på erfaringar frå vellukka fellingar, og ta høgde for å dekke kommunens faktiske kostnadar knytt til kvart enkelt fellingsforsøk, herunder også sosiale kostnadar.
3. Utvalet tilrår at kostnadar ved kommunal vaktordning/beredskap bør kompenserasst på lik line med kostnaden direkte knytt til fellingsforsøket.
4. Utvalet tilrår at bruk av kvalifisert hund framleis må kompenserasst. Utvalet tilrår ein timebasert kompensasjon på 50 % av den generelle timesatsen.
5. Utvalet tilrår at kravet om at medlemma av fellingslaget skal vere registrerte lisensjegerar for å kunne godtgjerast bør takast ut av forskrifta.

LUM-079/10 15.12.2010 Behandling:

Oddvar Eriksen la fram forslag om at i pkt. 5 i innstillinga må ordet *bør* endrast til *må*.


Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Innstillinga elles vart samrøystes vedtatt.

LUM-079/10 15.12.2010 Vedtak:

- 1 Utvalet tilrår at godtgjering ved skadefellingsforsøk bør dekkast med ein flat timesats på kr. 200 pr. time.
- 2 Utvalet tilrår at budsjettramma pr. skadefellingsforsøk må baserast på erfaringar frå vellukka fellingar, og ta høgde for å dekke kommunens faktiske kostnadar knytt til kvart enkelt fellingsforsøk, herunder også sosiale kostnadar.
- 3 Utvalet tilrår at kostnadar ved kommunal vaktordning/beredskap bør kompenserasst på lik line med kostnaden direkte knytt til fellingsforsøket.
- 4 Utvalet tilrår at bruk av kvalifisert hund framleis må kompenserasst. Utvalet tilrår ein timebasert kompensasjon på 50 % av den generelle timesatsen.
- 5 Utvalet tilrår at kravet om at medlemma av fellingslaget skal vere registrerte lisensjegerar for å kunne godtgjerast må takast ut av forskrifta.

Nord-Fron, 17.12.2010


Ingebjørg Ekre